Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Sogn & Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Naustdal S.

Emne: Beit og brom. Bygdelag: Åsedalen

Oppskr. av: M. Sallid, Gard: Sallid

(adresse): Naustdal S.F. G.nr. 147 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1. Beit – av bjørk – er det hjelpefôrslag som har vore mest brukt her. Dei aller fleste brukar beit av detta treslaget den dag i dag. Og gjennom heile vinteren.

Det er mest rekna for slåsing med fôr um nokon brennar eller kastar burt "beitå".

Det er vel fleire ting som gjer at beitaforingi held ved. For det fyrste so er det no so rikeleg av beitaskog (bjørk). For det andre er bjørkeriset ikkje nokon tess til brensel. Det vert berre uppdunga heime i tunet – slik ein tilsist må køyra det burt og brenna det. Og for det tridje er beit som eit slag "saftigfôr" der ein har forlite rotvokstrar og silofôr.

1022

Dette siste er vel som gjer til at det verkeleg ser so ût at feittprasenten held seg-ûnn ein gjer nokso mykje bjørkebeit som til-skot til fêet, når dette for det meste er høy og anna turt fôr. Beit av bjørk gjer ikkje avsmak på mjølki. Og dyri likar beita, og kan takka nokso mykje. Det ser ût til å vera eit sunt fôr. Nemningi er berre beit – beita.

Sp. 2. Hentar ein beit or skogen ens arend – sama tilfelle kan vera um våren då bjørka sprett, ~~da~~ og beita hev størst verd som fôr – segjer ein: (å) kagga beit, skjera beit, på beitaskogjim.

Nokon sers stede til å køyra heim beita på hev ein ikkje.

Sp. 3.

Sume kvistar trei heilt når ein skal køyra ved heim. Og køyrer alle stakkane for seg og toppar og kvist for seg. Då er det eit "stakke-lass", og eit "rislass". Andre køyrer stakk og ris saman (trei er "linna" sume då og) Då segjer ein: eit "vedalass"

1022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Beit og brom

2. blad

~~Det er ikkje~~ vr

Å køyra heim vinterveden i heile tre, er lite brukt. Det kan einast vera der det er bratt nedover mot tunet, og helst heim — på berr mark eller hålkeføre.

Brom er ikkje kjend. Her brukar ein ei onnor nemning. Det er bråt. Det vart henta saman med skav-veden. Dei ytste kvistane av rogn og osp bråut ein med hand, og gav dyri saman med skavet. Um våren når det var kome små lauv på rognen, var dette "bråtet" svært "fin" mat. Og dyri var mykje huga på det. Ospa lauvast seint, og bråt av den var då mykje eins ~~tis~~ allbid

Bråt er friske kvistar med lauvknuppar eller ~~sm~~ nysprotte smålauv på (mot våren) helst av rogn, men og av osp og selje.

Sp. 4. Det er sigd ein bruka når ein hentar berre beita, og ikkje tek heime veden. (Sjå sp. 2). Men det er ein annan måte å taka beita av på som hev vore meir nytta her, og meir

1022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

fyrr enn no. Og det e å hogga beita av etterkvart som ein hogg veden. Ein gjer det det så: Ein dreg risveden fram til hoggestabben — ei dröga eller tvo. — So byrjar ein hogga på vedendane — ein eller fleire ettersom dei er tjukke til — og kastar kjeppane etterkvart tilside eller attum seg. — Ein hogg forende til ein får ris som er lagleg til beit fram på stabben. Den legg ein eller let ho detta ned ved sida av stabben — helst til högre — let ho liggja, og held fram med hogginga til ein hev hogge upp veden ein drog framtil. Då tek ein beita i eit knippe og legg ho i lad antan inne i vedhuset eller ved veggen ute. Der hentar fjösfolki henne. Gode folk — og dei gamle kunde det — hogg visst veden like fort med som utan beit. Og so vart veden betre sortert. Og beita vart jamn og, og fint upplagd for dei som tok henne att.

Na når ein brukar kappsag til veden vert det just gjort på same måten. Ein

1022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Beit og bram
D. blad

skuvar smånedn fram for sagbladet med tjukkenden fyre og held fram til ein har beita att på brettet. Skal bo nyttast til fôr, kastar eine hunne saman i ein dunge — til ein bir eller køyrer hunne heimåt til fjøsvegga for uppfôring.

Sp. 5. Det er storfeet — kyr og ungdyr — som for beit. Sauene likar og beit. Men ha rekk oftast ikkje til mei ein nauste. Sauene for då bar av eine og tura — antan tek dei det ute eller ein "drag inn".

Beita vert gjevi serskild, helst att på høyet. Kvart dyr for eit knippe, stort eller lite, som ein har det til.

For grovlikkan er det ikkje noko visst mål heller. Det spørst um kva dyri er vane med. Dei kan tyggje knippa som er uppå meteren for dei. Men då er det vel ikkje før lenger.

Sp. 6. "Beitakast" er ein dunge med risved — heimkøyrd — men ikkje upphoggen —
Å sleppa storfeet ut vinters dag er ikkje brukt her-deverre.

1022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6

Sp. 7. Dette hev eg aldri
høyrt umtala. Bestemor
var fødd 1834 og var frå ~~sit~~
~~X~~ bygdi her, men ho nemnde
ikkje dette - millom alt det
gamle ho fortalde um.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING